



Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 MOLDE

Vår referanse
19/14613 20/10182

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Andreas Christian Nørve

Dato
24.08.2020

Spørsmål om dialog knytt til dekking av finansieringsutgifter til Fosnavåg hamn

Herøy kommune viser til sak i fylkesutvalet den 31. august 2020, der det er gitt innstilling om at Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til ein dialog med Giske kommune om finansiering av utdjupingsprosjektet i Gjøsund Fiskerihamn.

Vi vil vise til at Herøy kommune var kjend med søknaden frå Giske kommune, i samband med fylkeskommunen sin behandling av saka om overtakinga av ansvaret for fiskerihamner frå Kystverket, som var handsama i fylkestinget den 20. april 2020 og med følgjande vedtak:

«Basert på grunnlaget som er overlever[t] frå Kystverket ser ikkje fylkeskommunedirektøren at dette kan gjerast innanfor den økonomiske ramma staten har signalisert.»

Dette vedtaket var bakgrunnen for at Herøy kommunen ikkje søkte om finansieringsbistand frå Møre og Romsdal fylkeskommune, men sidan fylkeskommunen no signaliserer å vere positiv til ein dialog med Giske kommune, så ber Herøy kommune om å bli likestilt med Giske kommune i ein dialog om finansieringsutgiftene til utdjupingsprosjektet i Fosnavåg hamn.

Herøy kommune ber om at dette skriv blir lagt fram for fylkesutvalet i møte den 31. august 2020.

Med helsing

Bjørn-Halvor Prytz
ordfører

Trond Arne Aglen
kommunedirektør

kopi: fylkeskommunedirektøren
fylkesordføraren

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Herøy kommune
Pb. 274
6099 Fosnavåg

www.heroy.kommune.no
postmottak@heroy.kommune.no

Sentralbord: 70 08 13 00
Org. nr: 964 978 840
Kontonr: 8647.11.04800